



Gågruppera frå Uskedalen på tur til Odda for å gjera seg kjend med industristaden.

Åtte medlemmer frå Gågruppera på tysdagane tok turen til Odda sist torsdag for å gjera seg meir kjende med industristaden i Indre Hardanger. Berit Harriet Døssland var turleiari. Ho er sjølv frå Odda og er godt kjend i turtraseen dei valde. Gågruppera, vi snakkar om, møtest kvar tysdag kl. 11 i sentrum og går sin faste tur anten over Dønhaug eller rundt Neset og Campingen før ein avsluttar med samling på Kafe Tiaren.

Turen til Odda gjekk med buss med avstiging på Vasshus ved Trolltunga hotell. Berit Harriet tok uskedalsdamene til Eide og synte fram skulane, idrettshallen inne i fjellet, kapellet, kyrkjegarden og ikkje minst Røde Rubin, plassen der mange frå Kvinnherad har budd på hybel i den tida ein var elev, anten på gymnaset eller yrkesskulen.

Så gjekk turen ned langs den verna elva Opo, på den nye turvegen kommunen og Vassdragsveset har laga etter den store flaumen for nokre år sidan. Traseen går frå Vasshus, langs elva og bak det som var Smelteverket like ned til fjorden. Så var det komlemiddag på kafeen ved busstasjonen.

Turen til Odda var vellukka på alle måtar. Med lokal kjend omvisar fekk mange vita mykje nytt om Odda. Og mange fekk eit meir nyansert syn på kva Odda er og har vore for dei som har hatt sitt arbeid og liv på staden.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Berit Harriet Døssland/ Kristian Bringedal



Turen gikk langs elva Opo på den nye turvegen laga etter storflaumen og som gjorde stor skade. Bilete syner ein vakker tilrettelagd rasteplass.